

## Avtale om meirope/ubetent bibliotek i Seljord:

Biblioteket er eit offentleg rom og felles eigedom som skal vere til glede og nytte for alle. Ordninga med meirope bibliotek er basert på tillit. For å få tilgang til meirope bibliotek må du vere 18 år, ha oppgradert lånekort og alltid ha med lånekort for å logge deg inn.

Utover betent opningstid har du tilgang til biblioteket desse dagane:

**Måndag, tysdag, onsdag og torsdag til kl. 22.00**

(men OBS! Berre når Granvin har betent opningstid desse dagane)

På meirope bibliotek kan du:

- Bruke og låne bøker, tidsskrift o.a. bibliotekmateriale
- Låne og levere på utlåns- og innleveringsautomaten
- Bruke leserom og lokalsamling
- Nytte trådlaust nettverk

Du kan ikkje :

- Hente reservert materiale

## Ved å underskrive avtala godtek du desse reglane:

- Vis omsyn til andre, hald ro og orden og rydd opp etter deg.
- Overhald gjeldande lånereglar.
- Lånekort og PIN-kode er personleg og det er berre du som skal bruke det, meld frå om du mistar lånekortet ditt.
- Du har ansvar for deg og dei du eventuelt tek med deg inn i lokalet. Føresette kan ha med ungar, men ungar kan aldri vere aleine i lokalet.
- Sjå til at dørene blir stengt etter deg, både når du går ut og inn.
- Opphold på meirope bibliotek skjer på eige ansvar. Går brannalarmen, må du straks forlate lokalet.
- Bruk av ordninga bli automatisk loggført. Data blir handsama i samsvar med gjeldande reglar. Brot på inngått avtale kan føre til at du mistar retten til å nytte meirope-tilbodet. Hærverk blir meldt til politiet.

---

Eg har lese avtalen og godkjenner vilkåra for å få oppgradert lånekort og tilgang til meirope bibliotek i Seljord: Lånarnummer (biblioteket fyller ut).....

Namn med blokkbokstavar.....

Fødselsdato..... Legitimasjon: Ja/nei.....

Dato..... Signatur.....